



Arrangørane håpar å gjenska stemninga frå tida då spelstykkja var sentrale i programmet. Bjørgulv Eik(t.v.) vert nok med på scenen no også.

17. oktober ønskjer eldsjelene i Ungdomslaget å skapa god gammaldags feststemning i ungdomshuset Helgheim. Det håpar dei skjer når dei innbyr til Haustfest med om lag same leist for programmet som det var på dei kjempepopulære festane før i tida. No er programmet klart, og det vert godt festprogram før det vert både matøkt og avslutning med dans.



Dag Helland er festtalar.

Som tidlegare nemnt er det professor Dag Helland som skal halda festtalen. Eg veit at han har bestilt både kanona og lerret til framføringa, men innhaldet kjem nok ikkje før på sjølve festen. Like fast som talen var det handskrivne lagsbladet DALTREKK på programmet på dei gamle, gode haustfestane. Dette er sjølvsgagt med no òg! Bjarte Døssland er redaktør, og med sin gode penn og kvasse tunge kjem han sikkert til å ta ting på kornet. Spennande!

Musikklaget vart starta under ungdomslaget, og dei har vore med på mange haustfestar frå 1936 og utover. I år opnar veteranane programmet med ei lita avdeling med lett og spenstig musikk. På musikkfronten dukkar det også opp ei spennande nyskaping. Ein syngande mannskvartett som er samansett av Svein Rimestad, Kåre Vetthus, Lars Henrik Skogtun og Oscar Langballe ser dagens lys. Det ser vi fram til!

Teater og scenekunst må det vera på ein Haustfest. I tillegg veteranar som m.a. Uskedals svar på Leif Juster, Bjørgulv Eik, får vi oppleve langt yngre talent i sceneinnslag. Innimellom alle dei kjekke innslaga skal gode allsongar tona i Helgheimssalen. På desse deltar også husbandet.

Etter programmet i salen oppe vert det matøkt i kjellaren før festlyden igjen bevegar seg opp til ulike danseinnslag før det vert dans til uti dei små timar.

Dette vert kjekt så det er lurt å melda seg på alt no då det vert selt 100 billetter. Påmelding skjer til Randi Myklebust Nybakk, mobil: 412 88 090 eller e-post: randimn@hotmail.com. Born kan vera med på program og matøkt. Billettprisen er 250,-kr for vaksne og 100,-kr for born og aktørar. Påmeldingsfristen er 10.oktober, medan betalinga skjer ved inngangen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen, og frå biletarkivet til UUL.